



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 24.09.2014**  
**Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus**  
**Klokka 09.30 -13.15**

**Møtte:**

Marta Finden Halset, Gustav Løge Fosse, Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, John Opdal, Edmund Utne

Forfall: Per Kåre Foss, Sigbjørn Hauge, Einar Horvei, Anders Ryssdal

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Leiaren peikar på at Fjordvegen er den indre hovudvegen på Vestlandet og avgjerande for utviklinga for regionane langs ruta. Dette vert lite påverka av Kyststamvegen.

Ho ba styremedlemmene og medlemmene om å senda inn saker dei er opptekne av til styret.

Leiaren orienterte om at ho har invitert Einar Lutro om å orientera om Hardangerbrua sitt arbeid.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Meldingar:**

**Sak 21/14      Meldingar**

Ny Melding frå Leikanger kommune som ikkje vil bli medlem i IS Fjordvegen Rute 13.

**Sak 22/14      Møte i Sogn regionråd**

Luster og Leikanger har svara nei til medlemskap og Sogndal ønskjer at IS Fjordvegen orienterer i Sogn Regionråd før vedtak.

Vedtak: IS Fjordvegen Rute 13 inviterer seg til Sogn Regionråd og til Stavanger kommune for å orientera om selskapet.

**Sak 23/14      Det skal bli gult og kult – drøfting.**

Einar Lutro orienterte om

- Utviklinga av trafikken på Hardangerbrua. (Auke på 82 prosent trafikk i høve ferja, men 18 % under bru prognosen som var sett til dobla ferjetrafikk).
- No kjem det krav om brikke for alle tunge køyretøy
- Aust-Vest rapport frå Rambøll som viser Hardangervidda som rimelegaste alternativ i dag.
- Skilting av Rv 13. Det er store utfordringar ved at Rv 13 er svært underskilta. Spente på kva som kjem i ny skiltplan. IS Fjordvegen bør følgja aktivt med.
- Joberget og Deildo igjen sett på vent for ny utrekning av kostnader.

Styredrøfting:

- Skiltplan for Rv 13 må ha fokus og vert sett på saklista til neste styremøte. Invitera Helge Eidsnes, Jostein Vandaskog, Einar Lutro og Edmund Utne. Styremedlemmene ser på sine reiser gjennom regionane no med kritiske auger på skiltinga av Rv 13 og sender synspunkt og bilete om skiltutfordringar til dagleg leiar.
- Rv 13 får merksemd sentralt og regionalt når me står samla og prioriterer nokre spissa prosjekt langs vegen. Felles talerøyr med høg røyst.
- Seinast Mars 2015 må IS Fjordvegen søkja å få møte med Vegdirektoratet. Til då må ein fremja nokre spissa prosjekt. Våren 2016 vert NTP sendt til Departementet.

- IS Fjordvegen må no prioritera einskildprosjekt. Styret må ha ein prosess på dette. Til dømes så set IS Fjordvegen opp maks 5 prosjekt som er våre prioriteringar. Sak på neste styremøte. Å ha klare reguleringsplanar kan vera eit viktig steg for å nå fram i «vegkøen».
- Alliansebygging og nettverk er kontinuerleg viktig arbeid.
- Kva med private næringsaktørar som medlemmer? Det er komne med nokre nye store bedrifter etter aktivt arbeid frå profileringsarbeidar.

#### **Sak 24/14      Attraktivitetsanalysen for IS Fjordvegen Rute 13**

Knut Vareide presenterte på facebook «Kva er Attraktivitetsanalyse?» Telemarkforskning sin Attraktivitetsanalyse for IS Fjordvegen Rute 13 er tinga og kan skapa argumentgrunnlag for arbeidet i selskapet. Eit scenario er om oljealderen er på retur og at Indre Velstandet no er meir i fokus som arbeidsmarknad for oljearbeidarar. Det er også ønskje om eit scenario til: Reiselivsutvikling. I samband med at Rv 13 kryssar 3 Europavegar pluss Rv 7 aust-vest. Globale turoperatørar ser dette og Den indre hovudvegen er eit attraktivt alternativ. IS Fjordvegen har gode fortrinn i Nasjonale turistvegar og Discovery Route. Auka trafikk er beste argumentet for vidare vegbygging langs Rute 13.

#### **Sak 25/14      Profileringsarbeidet mm. Framover og justering**

Hanne Sundbø gjekk gjennom tiltaksplanen. Ingen justeringar føreslått. Framlegget til brosjyre vart drøfta og endringar vert gjort. Styret godtar at ein skal visa Rute 13 til Førde.

#### **Sak 26/14      Årsmøtet og årskonferansen 17.6. – evaluering**

Årsmøtetidspunkt 2015: Veke 21: 18.-22.mai er eit realistisk alternativ. Stad: Ryfylke. Opplegg: Etter årsmøtet vert det årskonferanse som dagskonferanse. Tema: Finna aktuelle trekkplaster. Døme Fjordline og Englandsferja sin effekt på Fjordvegen.

#### **Sak 27/14      Fast post: Gjennomgang av status for Rute 13. .**

Rogaland:

- Ryfast går sin gang.
- Sandsfjord bru i rute med opning neste jol.
- Røsslia –Lovrabakkane går for seint men reguleringsplanen skal vera klar til ny NTP.

Hordaland:

- Brattlandsdalen er spela inn som rassikringstiltak frå Odda kommune. Vegvesenet ser liten effekt på førslåtte tiltak. Reguleringsplanen for Brattlandsdalen er av eldre dato.
- Oddadalen har 7 alternative forslag til vegtrasear, men arbeidet det går seint. Her kan IS Fjordvegen ta kontakt for å frå til framdrift.
- Odda – Tyssedal vert arbeidd med og det må utarbeidast 2 ROS-analysar for prosjektet.
- Deildo er ein flaskehals men kan verta utsett grunna nye kalkylar. Fjordline og Englandsferja vil bruka RV 13 som Discovery Route.
- Jobergstunnen ser ut til å måtta ha nye kalkylar.

Sogn og Fjordane:

- Vikjatunnelen er no på veg til Vegdirektoratet.
- Vik – Vangsnes rassikringa oppstart i 2016.
- Ferjefrekvensen på Sognefjorden har Sogn Regionråd teke opp.